

SPAR i fjor: 32,5 milllionar!

11.01.2012



Bente Nilsen: Vi hadde også eit godt år!

Det har vore eit godt år for Husnesbutikkane, kunngrer Kvinnheringen i dag. Men det gjeld ikkje berre for dei, også SPAR i Uskedalen har hatt eit godt år som slutta med ein omsetnad på 32,5 milllionar etter ein auke på 4,4 prosent. Dermed låg vår lokale suksessbutikk på ein større pluss enn daglegvarebransjen generelt, som stoppa på 3 prosent.

- Vi har auka ubrote sidan eg starta her i 1982, sier den fornøgde daglege leiar Bente Nilsen til uskedalen.no,

- Er det den gode servicen og ein blid betjening som har gjort utslaget?
 - Ikkje berre den, men det eg vil kalle totalpakka. Det som er avgjerande er at kundane er tilfredse. Vi har vore svært trufaste mot konseptet vårt i trua på at det er godt. Det inneber gode og tiltalande varer og ein god handlesituasjon.

- Og på dette viset vert det stadfesta at avgjerda

om utbygging var rett..?

- Ja, i høgste grad. Prosjektet kostar mykje, men vi har no så liten plass at vi måtte utvida.

Eg har forresten også nokre fleire interessanta tal som bekrefter at det har vore eit godt år.

I fjor gjekk 152 000 kundar gjennom kassane etter ein auke på 5700 kundar.

Nokon betre understreking av at det var eit godt år i fjor er det ikkje lett å finna, seier Bente Nilsen

Og kundane kjem frå heile Kvinnherad.

På nokre få minuttar i dag var det til dømes innom folk både frå Utåker og Omvikdalen i tillegg til dei 'innfødte'

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Å byggja ut var eit riktig steg